



Nr. 3-2017, årgang 52.

KYRKJEBLADE

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



Side 4: Bli betre kjent med vår nye sokneprest.
Side 7: Møt nokre av årets konfirmantar.



Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid



Kristen Salmelid
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31
Mobil tlf. 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



Møyfrid Lunde
Sokneprest
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
kontor.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Håkon Heggtveit
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Birgitte Nødland Danielsen
Kyrkjelydssekretær og
trusopplærar
Kontor tlf. 35 06 81 28
sekretaer@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde
Framsidefoto: Olav Mosdøl
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bankgiro:

Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615
Vipps 87960 Sundagens takkoffer.
Vipps 87961 Kyrkjelydsarbeidet.
Vipps 87955 Misjonsprosjektet.
Vipps 88073 Gåve til kyrkjebladet.



Mangfold og eitt

av sokneprest Møyfrid Lunde

Eg unner alle som flytter til Kviteeid å bli like godt mottekne som eg har opplevd å bli. Naboar har kome innom og helsa på, fleire har bedt meg på middag, eg har fått hausta andre sine plommer, blitt tilbydt skyss og andre tenester.

Kviteseid er i seg sjølv vakker med storlått natur. Eg trur Gud har sett oss til å forvalta alt det skapte etter dei evnene me har fått. Me kan rydde skog, eller forvalta kommunen sitt budsjett, skapa vakkert kunsthandverk eller læra bort fag i skulen. Samfunnet treng at me gjer kvar våre ting for at fellesskapet skal fungera. Derfor er det godt at me er skapte forskjellige. Alle er unike og har ein uendeleg verdi. Dette mangfaldet kallar Gud til seg. Han vil ha fellesskap med alle.

Derfor vil eg invitera alle til å feira

gudsteneste i kyrkjene våre. Gudstenesta er ein stad å møte Gud saman med andre. Me kjem ikkje saman fordi me er like eller bestevener alle, men fordi me har same himmelske Far. Same kor gamle me er, kva land me kjem frå, eller kva bygd me bur i, så høyrer me saman som ein stor familie. Då Jesus skulle reise frå lærersveinane sine, bad han for alle oss som skulle koma til tru på han: «Eg bed at dei alle må vera eitt, slik du, Far, er i meg og eg i dag. Slik skal dei òg vera i oss, så verda skal tru at du har sendt meg.» (Joh 17,21) Dette er ei bøn for alle Guds barn som er sameina med Jesus Kristus i dåpen.

Lat oss derfor ta godt imot kvarandre, så ulike som me er. Då kan me peika på Jesus Kristus saman.



Ny sokneprest i Kviteseid

Av Olav Mosdøl

Møyfrid Lunde vart tilsett våren 2017 som ny sokneprest i Kviteseid av Bispedømerådet i Agder og Telemark. Ho er nyutdanna prest frå VID Stavanger (tidl. Misjonshøgskulen). Det var innsetjingsgudsteneste for henne i Kviteseid kyrkje sundag 3. september under leiing av prost Asgeir Sele.

Etterpå var det fest på Misjonshuset. Kyrkjebladet har fått ein samtale med henne.

Fortel litt om bakgrunn og heimemiljø:

- Eg er 47 år og kjem frå Stavanger. Eg vaks opp som den nest minste av fem systrar i ei gate på Storhaug, der var det mykje barn og mange å leike med. Far var diakon i St. Johannes kyrkje, og der var eg med

i sundagsskule, kor, klubbar og gudstenester. Eg var elles ivrig som deltarar, og etter kvart som leiar i speidaren, musikkskule og korps.

Korleis har utdanning og yrkesval sett farge på livet ditt?

- På lærarskulen på Stord hadde eg dyktige lærarar, både i pedagogikk, matematikk og fysikk/kjemi. Dei gav meg tru på det å læra gjennom erfaring og aktivitet. Elles følte eg at å studere fransk i Frankrike og gassisk på Madagaskar har utvida horisonten min - både med tanke på interesse for kultur og for språk. Der opplevde eg òg å vera framand, møte fattigdom, livsglede og folk som bed.

- I ei prosjektstilling for utvikling av leirarbeidet til NMS fekk eg sjansen til å jobbe målretta og strategisk med alle sider av leirarbeidet. Det har gitt meg utrolig mange flotte opplevelingar og møte med ulike barn og ungdomar. Elles jobba eg tre år som prosjektleiar for utvikling av trusopplæringsplanen til St. Johannes menighet. Noko som var ei god blanding av strategisk arbeid, vidareutvikling av det etablerte barne- og

ungdomsarbeidet, nyvinning og kreativt arbeid. Profesjonsstudiet i teologi dei siste åra har fornya bibellesinga mi ved at eg kan lesa teksten på grunnspråka. Og eg har fått fleire gode verktøy til hjelp i tenesta.

Kva fekk deg til å satse på teneste som sokneprest i Kviteseid?

- Det var ei som eg studerte i lag med, som tipsa meg om stillinga i Kviteseid. Eg likte det eg las i utlysinga: At kyrkjelyden satsa på barn og unge, at det var godt samarbeid mellom kyrkjesamfunna her, og at ein var opptatt av heile nærmiljøet.

- Eg likte ikkje at ein måtte ha bil for å bu her, for eg hadde mest lyst til å halde fram som syklist. Difor slo eg først frå meg å flytte hit. Men eg hadde heile tida sagt til Gud at han kunne bruke meg der han ville. Så håpa eg at det ville bli klart for meg kva stilling eg skulle søkje. Eg vart overtydd då eg møtte ei ukjend dame på toget som snakka varmt om Kviteseid.

Korleis har møtet vore med Vest-Telemark, kyrkjelyd og arbeidsplass?

- Det er mi erfaring at folk er

eineståande flinke til å ta imot nye her. Den flotte naturen i området gjer godt for auga, sjel og kropp. Som alle andre innflyttarar har eg fått velkomstbrev frå ordføraren og imøtekomande service på kommunehuset. Då eg kom midt i sommarferien, stilte kyrkjeverja opp med både overnatting, mat og tenester av mange slag. Nabobar har vore innom og helsa på. Og folk frå kyrkjelyden har invitert på middag, tilbode skyss, plommer og mykje meir. Alle dei tilsette i kyrkja har vore gode til å hjelpe meg i gang i dei ulike kyrkjene og med ulike oppgåver og tradisjonar.

Kva oppgåver og fellesmål bør ein satse på i dagane som kjem?

- Eg kjenner ikkje Kviteseid, folk og kyrkjelyd godt nok enno - til å uttala meg så mykje om oppgåver og fellesmål. Akkurat no held eg på å gjere meg kjend med folk i ulik alder og ståstad, med historie og tradisjonar. Eg er interessert i å finna ut meir om det som skil dei ulike bygdene, og det som samlar. Det er fortsatt ganske nytt at kyrkjelyden har berre ein prest, og at me er blitt eitt sokn. Den fyrste tida vil eg vere oppteken av korleis me kan ta vare på det gode

mangfaldet og samstundes samla oss om felles mål.

- Det mest framtidssretta eg kan tenkje meg gjeld sjølvsgart barn og ungdom. Dei er framtida både for Kviteseid og for kyrkja. Det er mykje godt friviljug arbeid som blir gjort i bygdene, og eg vil gjerne vere med og oppmuntre til at alle kan bli sett og ha ein fellesskap å høyre til. Gud vil at alle menneske skal bli frelst og lære sanninga om Jesus Kristus å kjenne. Han treng oss som disiplar, så det handlar om å finne ut kva det vil seie for oss i dag å følgje Jesus.

Har du ei personleg helsing til slutt?

- Takk for måten de har tatt i mot meg på, alle som har møtt meg! Eg set pris på om de deler erfaringar og tankar med meg både om liv og tru. Det kan hjelpe meg til å forkynne evangeliet inn i livet dykkar, og til å gjere sakramenta tilgjengelege. Det er mi erfaring at Gud er stor og rommar heile livet. Ingenting er for lite til å be om, ingenting er for stort. Det er han som byggjer kyrkja og når hjarta til folk.



Fire av årets konfirmantar – frå venstre: Sigrid Seljås Lindheim, Thea Cecilie Neverdalen, Ingerid Vadder og Sunniva Grutle.

Om konfirmantåret

Skriven av Møyfrid Lunde

I haust er det 20 konfirmantar som følg undervisninga fram mot konfirmasjon i vår. Dei fleste av dei starta konfirmantåret med å dra på leir til Gjennestad saman med konfirmantar frå fleire andre stader. Eg fekk treffen Ingerid, Thea Cecilie, Sunniva og Sigrid i matfriminuttet på skulen for eit lite intervju om det å vere konfiant.

Dei starter med å fortelje om leiren på Gjennestad:

Det var mykje opplegg og lite fritid. Det var andakt eller undervisning. Me hadde gruppessamlingar 5-6 stykk saman. Gruppene var sett saman på tvers av kor me kom frå, men sånn at det var to stykk frå kvar stad.

Så var det mykje aktivitetar og konkurransar.

Det var morosam underhaldning

med ungdomsleiarar ein del kveldar.

Dei fortel at dei var seint i seng og tidleg oppe. Og så blei dei kjent med nye både frå Hjartdal, Seljord og Notodden. No etterpå held dei kontakt med fleire på sosiale medier, og så treftes dei på Dyrsku'n.

På spørsmål om kva dei likte best, nemner dei ulike ting:

Sigríð: bading i sjøen. Det var fint å bade der.

Sunniva: Det var sosialt og morosamt med gruppесamling. Det kom an på gruppa då.

Thea Cecilia: Eg lika gruppесamling, og det var godt å bada.

Ingerid: Eg likte å bli kjent med nye.

Men dei er alle enige om kva dei husker best frå undervisninga. Det var då dei hadde om rus. Dei syntes det var interessant å møte menneske som hadde levd som rusavhengige.

I haust møtest konfirmantane annankvar torsdag etter skulen. Eg spør litt om kva forventningar dei har. Det har dei ikkje tenkt så mykje på. Men så nemner dei fleire ting: Det å lære meir om Jesus, og

fellesskapet. Sjølv om dei har gått i klasse saman, ynskjer dei å bli endå betre kjent med fleire. Det kan dei bli på ulike måtar både i undervisning, gruppесamtaler og anna praksis dei skal ha i løpet av året.


Ingerid skal konfirmerast i Brunkeberg og dei andre tre i Kviteseid til våren. Dei seier at dei både gruer seg og gleder seg til konfirmasjonsdagen.

- Det blir stas, seier ei.
- Eg gruer meg litt til å snakke med alle som kjem, seier ei anna.

Kva dei elles vil seie om årets konfirmantar?

Årets kull er best!

Ver med og be for konfirmantane og samlingane me skal ha saman.



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



Takk til Rune Lia

Du kom hit til Kviteseid
ein smilande vårdag
i årstalet seksten som prest.
Du vandre imellom oss heilt ifrå
Lunde,
var nær oss i kyrkje og fest.
Du gav din smil til så mange
med trøyst gjennom sorger og blest.

Du fylte din plass
i vår levande kyrkje
med nærvær og tale om Gud.
Du opna òg romet for songar og
tonar,
tok mange med bussen på tur.
Du gav oss brødet og vinen
som bytte bort tvilen med tru.

Me helsar og ønskjer
deg solvarme dagar
i tenesta som du har fått.
Me er mange vener med godord frå
alle
og tankar om alt som er godt.
Du gav oss trua og nåden
på vegen til himmeriks slott.

*(Rune Lia var vikarphest i Kvite-
seid sokn frå våren 2016
til sommaren 2017. Melodi til
helsinga: Anna Lovinda.)*

Olav Mosdøl



Mysteriets måltid

I en sal der røde portierer slynger seg rundt to søyler, sitter Jesus ved enden av et bord med sine tolv disipler i en oval rundt seg. På bordet står en kalk med vin, et fat med to fisker og et fat med fem brød. Jesus er i ferd med å bryte et brød.

Jesus er kledd i en rød kjortel og blå kappe. De symbolske fargene på Jesu klesdrakt er forsøkt tolket som et bilde på Jesu tosidige natur, han er sann Gud og sant menneske. Jesu røde undermantel symboliserer det guddommelige ved Kristus, det man ikke straks oppdager. Den mer iøynefallende blå kappen viser til det jordiske i Kristi natur. Båndet som henger ned fra skulderen, opprinnelig et keiserlig embedstegn, forteller oss at Kristus er bærer av et embete: han er

vår yppersteprest som går i forbønn for oss.

En gullglorie omslutter Kristi ansikt. Sirkelformen i glorien er Guds symbol og står for evigheten. Bruken av gull i ikonmaleriet symboliserer den åndelige verden og Guds uskapte lys. Bare Kristus kan fremstilles med korsglorie. I korset er de greske bokstavene O wN skrevet inn, "Han som Er". Det er Jahve-navnet som kom til Moses fra den brennende busk da han spurte: "Hvem skal jeg si har talt til meg når de spør meg?" IC XC er Jesu Kristi navnebokstaver. Alle disiplene, unntatt Judas, har enkle glorier. Judas, som sitter nederst ved bordet med pengepungen i beltet og er opptatt med sitt, snur ansiktet vekk fra Jesus.



Jesu himmelfart

Fremstillingen er komponert over tre geometriske former, sirkelen, firkanten og ovalen. Sirkelen finnes i enhver ikon (glorien). Den er en fullkommen form som står for evigheten. I forklaret lys går Kristus tilbake til herligheten hos sin Far, den han en gang utgikk fra. Hans hvitkledde skikkelse er omgitt av en sirkelformet kroppsglorie. Ikonens nederste 2/3-deler danner en firkant som kan tolkes som jorden med dens fire hjørner.

Jomfru Maria, et bilde på Kristi kirke i verden, står sentralt i firkanten og danner en stabil midtakse med de tolv urolige disiplene i oval rundt henne. Ovalen er en ufullkommen sirkel. Om

det enn skjer i ufullkommenhet, er disiplene kalt til å gjenspeile den himmelske virkelighet her på jorden. De to englene bak Maria viser oss at en usynlig virkelighet kan synliggjøres midt i vår virkelighet. De peker oppover mot den lysende Kristus i sirkelen. Han går til sin Far som han engang utgikk fra, men har lovet sin kirke at der han er, skal de som tror på ham få være sammen med ham – i evighet.

Kyrkjebladet har med dette presentera dei siste to av dei nye ikona i Vrådal kyrkje. Dei forklarande tekstane er skrivne av Hæge Aasmundtveit.

Nytt frå kyrkjekontoret

Nye medarbeidrarar

Fyrste august starta ein ny medarbeidar i tillegg til soknepresten: Birgitte Nødland Danielsen (29) vart i sommar av soknerådet tilsett som sekretær ved kyrkjekontoret i ein 15% mellombels stilling, og som trusopplærar i 15% fast stilling.

Sekretærstillinga vart ledig då Svanhild Fidjeland fekk eit års permisjon for å gå inn i anna arbeid i Kviteseid kommune. Kyrkjeeverja har då mellombels fått noko av sekretær-stillinga, og har difor auka til full stilling ved kyrkjekontoret, slik det var for nokre få år sidan. Birgitte vil dela sekretæroppgåvene sine på nokre timer 1-2 dagar i veka. Ho blir oftast å treffen på kyrkjekontoret tysdagar og torsdagar, og vil då i all hovudsak ta seg av kyrkjelydsrelaterte oppgåver. Trusopplæringsstillinga går med til planlegging og gjennomføring av forskjellige tiltak i trusopplæringsplanen i soknet.

Det er forskjellige arrangement for unge mellom 0 og 18 år. Har du born i den alderen, får du høyre frå Birgitte. Ho skal og vere med på undervisningstimane til konfirmantane. Birgitte bur med sin familie i Midtsundvegen i Kviteseid og har sjølv to små born.

Vi gler oss over nye medarbeidrarar og ynskjer dei varmt velkomne i mellom oss.

Trusopplæring

Frå gamalt av var heimen og skulen dei største og kanskje viktigaste arenaene for trusopplæring. No er det i tillegg til heimen, kyrkja og dei kristne forsamlingane. Alle sokn i Den norske kyrkja har dei siste åra laga ein plan for trusopplæring av sine medlemmer og tilhøyrande mellom 0 og 18 år. Dette er finansiert med direkte tilskot frå kyrkjerådet via bispedømet. Kviteseid fekk sin plan utarbeida av ein felles koordinator for sokna i Vest-Telemark, i samarbeid med soknerådet og kyrkjeeverja. Storparten av tilskotet gjekk då med til denne stillinga. Frå august 2017 får vi no heile tilskotet sjølv, og har for noko av midlane tilsett eigen trusopplærar. Planen er no godkjend av biskopen, og friviljuge og tilsette vil invitera til dei ulike tiltaka.

Tiltak som kjem utover hausten:

- Småbarnstreff med babysang.
- Sundagsskule (2-10 år) (15. okt, 5. nov. og 3. des. i Kviteseid kyrkje kl. 11).
- Adventstreff for 5-åringar. (19. nov)

- LysVaken (10-11 år) (2-3.des.).
- Yngres i Vrådal (10-12 år).
- Barnegospel (5-8 år).
- Unge røyster (9-12 år).
- Kviteseid Soul Children (12-15 år).
- Idrettsgruppe (1.-3. kl.).
- Idrettsgruppe (4.-7. kl.).
- Idrettsgruppe (8.-10. kl.).
- Skulelagsmiddag (12-16 år).
- Konfirmantundervisning.
- «Ønsket og Elsket». Sjå nettsida til Øvre Telemark prosti.

Reformasjonsmarkering hos oss

31. oktober er det 500 år sidan Luther slo opp sine teser på kyrkjedøra i Wittenberg som etterkvart førte til reformasjonen av kyrkja. Dette markerer me på forskjellige måter denne hausten.

Kyrkjelerådet har valt ut fire sundagar for temagudstenester. 28. august hadde me temaet «Nåden aleine». Dei neste tema er: Skaparverket er ikkje til sals (17. september), Frelsa er ikkje til sals (15. oktober) og Menneske er ikkje til sals (19. november).

Alle kyrkjelydane i Øvre Telemark samlast til reformasjonsfest sundag 29. oktober på Notodden. Programmet startar med jubileumsgudsteneste for heile familien i Notodden kyrkje kl. 11.

Her vert eit stort samansett barnekor sentralt i gjennomføringa av ei messe som er spesialskriven for jubileet. Etter gudstenesta tek me heile byen i bruk. Det vert pølsefest på menighetshuset med kiosksal og tårnsafari. På Telemarksgalleriet kan du sjå utstillinga Sola Gratia – kunst og kyrkje i 500 år, og i Heddal vert det omvising i stavkyrkja og servering av middag i Kafe Olea. Klokka 16 vert det stor jubileumsforestilling i Notodden kyrkje med krefter frå heile prostiet. Kyrkjelyden vil vere behjelpeleg med å organisere transport til Notodden. Dei som kan køyra, og dei som treng skyss kan melde seg til Kristen Salmelid mob. 970 47 860.

Sjølve reformasjonsdagen 31. oktober vert det ringt med klokken i alle kyrkjene kl. 18. I Kviteseid er det møte på Misjonshuset kl. 19, der Møyfrid Lunde vil tala over Luthers tankar om kyrkja.





Døypte

Kviteseid: Anita Moen.
Bjørn Tore Midtbøen
Fønne.
Stian Emilian Nielsen
Sigurdslid.
Nora Moen.
Halfdan Kjosar
Jacobsen.

Vigde

Vrådal: Stine Krossli og
Thomas Fedje
Thorbjørnsen.

Kviteseid: Tone Kjersti Kåsi og
Hans Magnus
Forsberg Kristensen.
Carin Linnea Funseth
og Lars Olav Lyngstad
Muren.

Gravlagde

Vrådal: Kate Lønnegraff.
Nina-Catrine Sandvik.
Hjørdis Johanne
Haugen.
Jørgen Bakkan.

Kviteseid: Hallvard Lie.
Knut Inge Lie.

Brunkeberg: Knut Tjønnstaul.
Birgit Andrea
Tjønnstaul.
Anne Marie
Bjørnflaten Aasmo.

Fjågesund: Hans Waldemar
Mandt Fjågesund.

Meir himmel på jorda

Oppslagstavl

Ønskjer du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

Førmiddagstrekk på

Misjonshuset

25. oktober kl 11.00
13. desember kl 11.00
31. januar 2018 kl 11.00

Vrådal Normisjon

OKTOBER

Torsdag 5. kl.18,30
Innleiing og samtale om sundagens tekst Matt. 8,14-17. Kveldsmat.
På Heia.

Sundag 22. kl.16

Songsamling på Bedehuset.

NOVEMBER

Torsdag 9. kl.18,30
Innleiing og samtale om sundagens tekst Mark. 10,28-31. Kveldsmat.
På Heia.

Sundag 19. kl.16

Songsamling på Bedehuset.

DESEMBER

Sundag 10. kl.16
Songsamling på Bedehuset.

Sundag 12. november blir det gjen-syn med Sindre Løvik og J.Cash band i Kviteseid kyrkje (kl 19.00). I tillegg kjem musikar Olav Ajer frå Lunde, og han har med seg eit par musikarvener.

Jan Haugen har fått med seg Åshild Solbjør på fele og Arne Bye på bass. Saman vil dei presentere Country/Blues og andre "Perler frå arkivet"

Misjonshuset i Kviteseid:

- 03.10. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Norea Mediemišjon
08.10. kl. 11 0-100
17.10. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Åsa Wendel
22.10. kl. 11 0-100
24.10. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Knut Bjørn Skyttemyr
29.10. kl. 11 0-100 – Hans Johan Sagrusten
31.10. kl. 19.00 Fellesskapskveld – Møyfrid Lunde
07.11. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Kjell Johan Nenseter
12.11. kl. 11 0-100
14.11. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Kjersti Ofte Leland
21.11. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Anne Lund
26.11. kl. 11 0-100 – Eivind Jåtun
28. 11. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Kristian Espeland
05.12. kl. 19.30 Tysdagsmøte – Øyvind Jørgensen
10.12. kl. 11 Adventsfest

Gudstenester

OKTOBER

Sun. 1. **17. s. i treeiningstida Joh 11,17-29(30-46)**

- Fjågesund kl.11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Nepal.
- Kviteseid kl.19. Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Møyfrid Lunde. Ofr. Stefanusalliansen.

Sun. 8. **18. s. i treeiningstida Matt 8,14-17**

Inga gudsteneste

Sun. 15. **19. s. i treeiningstida Luk 20,45-21,4**

- Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Gullkonfirmantar. Dåp. Sundagsskule.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sun. 22. **20.s. i treeiningstida Joh 11,1-5**

- Brunkeberg kl.11. Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Møyfrid Lunde.
Ofr. TV-aksjonen, UNICEF.

Sun. 29. **Bots- og bønedag Luk 13,22-30**

- Notodden kl. 11. Felles Jubileumsgudsteneste for heile familien som markering for øvre Telemark prosti av at det er 500 år sidan reformasjonen.

NOVEMBER

Sun. 5. **Helgemesesundag Matt 5,1-12**

- Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Sundagsskule. Kyrkjekaffe på misjonshuset.

Sun. 12. **23. s. i treeiningstida Mark 10,28-31**

- Vrådal kl.11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

Returadresse:
**Kyrkjekontoret
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid**

Sun. 19. **24. s. i treeiningstida Matt 18,1-6 og 10-14**

- Kviteseid Kl.11. Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde. Adventskalender til 5-åringar.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sun. 26. **Siste sundag i kyrkjeåret Matt 25,31-46**

Inga gudsteneste.

DESEMBER

Sun. 3. **1. s. i advent Luk 4,16-22a**

- Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. LysVaken 10-11-åringar deltek. Sundagsskule. Ofr. Bibelselskapet

Sun. 10. **2. s. i advent Luk 21,27-36**

- Kilen Kl.11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Sjømannskyrkja.

Sun. 17 **3. s. i advent Matt 11,2-11**

- Kviteseid kl.18. Adventskonsert. Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Nepal.

Sun. 24. **4. s. i advent/Jolaftan Luk 2,1-14**

- Fjågesund kl. 12.45. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Rachel Trovis arbeid
- Vrådal kl. 14.30. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Kirkens Nødhjelp
- Brunkeberg kl. 15. Gudsteneste. Ofr. Kirkens Nødhjelp
- Kviteseid kl. 16.15. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Kirkens Nødhjelp

Mån. 25. **Joledag Joh 1,1-14**

- Kviteseid kl. 11. Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde. Ofr. Det Norske Misjonsselskap
- Vrådal kl.13.30. Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde. Ofr. Det Norske Misjonsselskap